

Omund Norheim (32)

Bookingansvarleg for Ranglerock. Bur på Norheim. Sambuar, eitt barn, snart eitt til.



Rock ikkje heilt around the clock

Omund Norheim får tid til familie, jobb og studium i tillegg til musikken.

NÆRBILDE

LEIF TORE SÆDBERG | tekst og foto
lts@jbl.no

Mobiltelefonen til Omund Norheim ligg stort sett i ro, noko som er uvanleg på denne tida av året. Som bookingansvarleg for Ranglerock har 32-åringen ansvar for artistane, og mykje må ordnast før dei kan gå på scenen i kveld og i morgon. Men han har vore med frå starten for ti år sidan, og dei store overraskingane har til no ikkje dukka opp.

Godt sal

Den 11. utgåva av Ranglerock har slått uvanleg godt an på førehand. Ti gonger fleire billetter enn vanleg er selde, og todagarspassa er forlengst borte.

– Folk har nok erfart at det er viktig å vera tidleg ute for å sikra seg plass. I tillegg har me større artistar i år, som Honningbarna og Jonas Alaska, og me har flytta arrangementet ei veke fram. Den

Då klassen skulle spela blokkfløyte på ein skulekonsert, fekk eg beskjed om å berre mima.

vanlege helga er visst ei dei dauaste på Bryne generelt, forklarar Norheim pågangen med.

Han sit i folgehuset på Norheim med ein kaffikopp, nett heimkomen frå bilferie til Bergen, Suldal og Øystese, med sambuaren Guro og sonen Torkel på halvtanna år. Barn nummer to er på veg, og etterkvart flyttar familien ut frå bruket som på folkemunne vert kalla «Lensmannsgarden», med kurs for Rosseland.

Studium og jobb

Bonde blir ikkje 32-åringen. I staden siktar han seg inn mot jobb i skuleverket, og tek for tida bachelorstudiet i nordisk ved Universitetet i Stavanger. I vår har han jobba som vikar ved Rosseland skule, og var før det to og eit halvt år ved Motland og Bø skule i Hå.

Han måtte derimot trå til då

faren vart alvorleg sjuk for fire-fem år sidan, og dreiv då garden i eitt års tid. Til alt hell vart faren frisk igjen, og i dag driv foreldra garden framleis, med sauer og mjølkeproduksjon.

Tidleg vart han interessert i musikken, mellom anna gjennom platesamlinga til foreldra, der Simon & Garfunkel merkte seg ut som favorittar. Beatles fekk han òg sans for. Utover barneskulen vart dei fortrent av dei tøffare karane i Kiss og Guns N' Roses.

Musikk

– Eg trur alle er interesserte i musikk, nokre meir, nokre mindre. For meg vart det altoppslukande etterkvart. Men eg har ikkje vore spesielt flink. Blokkfløyta var eg ikkje særleg glad i. Då klassen skulle spela på ein skulekonsert, fekk eg beskjed om å berre mima at eg spelte, minnest Norheim, humrande.

Han legg til:

– Men slik eg spelte, var det heilt på sin plass!

Lysta til å spela var likevel til stades, og for den unge timebuen vart bassgitaren instrumentet.

Det var kulare å halda på med musikk enn å vera «han som heldt på med hønene».

Med mopedsertifikatet i boks, 16 år gammal, kunne han fresa opp til øvingane på Eikeland på eiga hand, og då vart det meir fart over sakene.

Det fyrste bandet han var med i bar namnet Tøs, besto av kameratar frå Lye-området og spelte rock med norske tekstar. Fleire grupper kom og gjekk, men eitt av dei har blitt ståande, nemleg Svenssen, som vart danna av Norheim saman med Otto Hustoft og Ådne Eikeland.

Starta i det små

Historia om Ranglerock fell til dels saman med historia om Svenssen. Festivalen starta i det små for ti år sidan, då bandet skulle ha konsert for fyrste gong på lenge, og bestemte seg for å arrangera alt sjølv.

– Me heldt på eit par år, då un-